



Vestlandsforskning  
Boks 163, 6851 Sogndal  
Tlf. 57 67 61 50  
Internett: [www.vestforsk.no](http://www.vestforsk.no)

**VF-notat 5/2004**

## ***Evaluering av etablerarverkemiddelet Alkymisten***

***Dokumentasjonsrapport til VF-Notat 4/2004***

***Thor André Fløtre***

# VF Notat

|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     |                                                                           |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------|
| <b>Tittel</b><br><b>Etablerarprogrammet Alkymisten –evaluering av prosess og resultat Dokumentasjonsrapport</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     | <b>Notat nr.</b><br>5/2004                                                |
|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     | <b>Dato</b><br>12.05.2004                                                 |
|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     | <b>Gradering</b><br>Open                                                  |
| <b>Prosjekttittel</b><br><b>Alkymisten- ei evaluering av prosess og resultat</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    | <b>Tal sider</b><br>78                                                    |
|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     | <b>Prosjektnr</b>                                                         |
| <b>Forskarar</b><br>Thor Andre Fløtre                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               | <b>Prosjektansvarleg</b><br>Karl Georg Høyter                             |
| <b>Oppdragsgjevar</b><br>Innovasjon Norge                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           | <b>Emneord</b><br>Etablering<br>Verkemiddel<br>Ungdom<br>Sogn og Fjordane |
| <b>Samandrag</b><br>Alkymisten er eit verkemiddel for å hjelpe ungdom fram mot etablering av lønsame verksemder. Innovasjon Norge har gjennomført Alkymisten tre gonger i Sogn og Fjordane. Evalueringa byggjer på erfaringar frå deltakarane og involverte personar rundt gjennomføringane (retteiarar og støtteapparat).<br><br>Deltakarane er stort sett nøgde med det metodiske opplegget. Den faglege lærdomen dei oppnår er i grove trekk sett på som litt for liten, men kurset er intensivt mot fleire store fagfelt.<br><br>Utkomet frå Alkymisten er delt mellom interne og eksterne effektar. Dei viktigaste interne effektane syner seg å vere ein raskare og betre oppstart av verksemndene. Samt at deltakarane er blitt betre bedriftsetablerarar, og har fått utvida nettverk. Den eksterne nytten gjennom at deltakarane står fram som kunnskapsspreiarar og inspiratorar i eit lokalmiljø/vennekritis ser ut til å vere god, og er sett på som eit viktig utkome. |                                                                           |
| <b>Andre publikasjonar frå prosjektet</b><br>VF-notat 4/2004                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        |                                                                           |
| <b>ISSN: 0804-8835</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              | <b>Pris</b><br>150,-                                                      |

## **Forord**

Innovasjon Norge sitt etablerarprogram –Alkymisten- er gjennomført tre gongar i Sogn og Fjordane. Det vart hausten 2003 også gjennomført i Sør Trøndelag, og det er interesse for at programmet skal inngå som eit tilbod til unge etablerarar i andre delar av landet. Med denne bakgrunnen ynskte Innovasjon Norge at Vestlandsforskning gjennomførte ei evaluering av prosessen og oppnådde resultat frå dei tre gjennomføringane i Sogn og Fjordane.

Arbeidet er gjennomført ved bruk av ei spørjeundersøking retta mot deltakarane på Alkymisten, samt ved intervju av andre involverte kjelder til informasjon. Dette dokumentet inneholder datamaterialet og dokumentasjonsgrunnlaget, og analysen er gjort i VF-notat 4/2004.

Vi ynskjer å takke Innovasjon Norge for oppdraget og godt samarbeid, samt deltakarane på Alkymisten for deira respons. Vidare vil vi takke Pål Dahl i Mentor AS for hyggelege og nytige samtalar, samt dei andre rettleiarane for deira tilbakemeldingar. RKIT-consulting AS la spørjeundersøkinga til rette for internet, og gjorde ein god jobb.

*Notatet er ein dokumentasjonsrapport og inneholder i stor grad samanstillingar av informasjon og råmateriale. Det er difor meint å sjåast i samanheng med kortversjonen –VF-notat 4/2004.*

Sogndal 12.05.2004

Karl Georg Høyler  
forskningsleiar

Thor André Fløtre  
forskar

# **Innhold**

|        |                                                                               |    |
|--------|-------------------------------------------------------------------------------|----|
| 1.     | Innleiing og metode.....                                                      | 5  |
| 1.1.   | Introduksjon .....                                                            | 5  |
| 1.2.   | Bakgrunn for Alkymisten.....                                                  | 5  |
| 1.3.   | Søknader og utveljing av deltararar.....                                      | 6  |
| 1.3.1. | Søknadar og marknadsføring av programmet .....                                | 6  |
| 1.3.2. | Utveljing av deltararane.....                                                 | 7  |
| 1.3.3. | Utveljing av rettleiarane .....                                               | 7  |
| 1.4.   | Metodisk opplegg for evalueringa.....                                         | 8  |
| 1.4.1. | Deltararar .....                                                              | 8  |
| 1.4.2. | Rettleiarar .....                                                             | 9  |
| 1.4.3. | Støtteapparatet.....                                                          | 9  |
| 1.4.4. | Oversikt .....                                                                | 9  |
| 1.4.5. | Analyse.....                                                                  | 10 |
| 2.     | Resultat.....                                                                 | 11 |
| 2.1.   | Gjennomføring av spørjeundersøkinga .....                                     | 11 |
| 2.2.   | Datagrunnlag .....                                                            | 13 |
| 2.2.1. | Deltararar i 2003 .....                                                       | 13 |
| 2.2.2. | Deltararar 2001 eller 2002 som har starta verksemd .....                      | 30 |
| 2.2.3. | Deltararar 2001 eller 2002 som framleis er i etablering eller vurderingsfasen | 41 |
| 2.2.4. | Deltararar 2001 eller 2002 som har valt å avslutte prosjektet .....           | 49 |
| 2.2.5. | Samanfatta svar på like spørsmål for alle deltararane .....                   | 52 |
| 3.     | Vedlegg .....                                                                 | 56 |
| 3.1.   | Vedlegg I –Spørjeskjema til deltararane: .....                                | 56 |
| 3.2.   | Vedlegg II –Brev til deltararane på Alkymisten.....                           | 75 |
| 3.3.   | Vedlegg III -Intervjuguide til samtale med støtteapparatet.....               | 76 |
| 3.4.   | Vedlegg IV -Utsnitt frå spørjeundersøkinga på Internet.....                   | 78 |

# **1. Innleiing og metode**

## **1.1. Introduksjon**

Alkymisten er eit etablerartilbod til unge mellom 18-29 år som er gjennomført tre gongar i Song og Fjordane:

- hausten 2001, 25 deltararar (pilotprosjekt)
- hausten 2002, 22 deltararar
- hausten 2003, 23 deltararar

Programmet er del av Innovasjon Norge sine tilbod. Det har som føremål å medverke til auka nyskaping hjå ungdom, og å hjelpe ungdom fram til etablering av lønsame verksemder. Det består av tre samlingar som går over 2,5 dagar. Mellom samlingane har deltararane sjølvstendig arbeid.

- 1. samling: idéutvikling
- 2. samling: vidareutvikling
- 3. samling: (førebuing til) etableringsfase

Deltatarane får ein individuell rettleiar henta frå det private næringslivet. Rettleiarane deltek på alle samlingane, og har kontakt/oppgåver med sine etablerarar mellom samlingane.

Innovasjon Norge initierar prosjektet, samt dei er med på dei tre samlingane. For tida er Metor AS ved Pål Dahl leigd inn til å gjennomføre prosjektet, og står for det faglege opplegget. Han er såleis leiar for prosjektet.

2001 var eit pilotprosjekt kor gjennomføringa og opplegget var utvikla på førehand. Vidare vart deltararane rekrutterte litt med tanke på å prøve ut ordninga. Det har skjedd nokre tillempingar i både gjennomføring, metodisk opplegg og utveljing i dei to siste samlingane.

## **1.2. Bakgrunn for Alkymisten**

Alkymisten byrja med ein prosess i Innovasjon Norge (SND) der entreprenørskap og ungdom vart formulert som sterkare framtidige satsingsområde. Det var samstundes eit skift i retning mot å bli meir aktive til å hjelpe etablerarar i gong. Innovasjon Norge skulle i større grad inn på kompetansesida, og måtte såleis inn i verksemndene på eit tideleg stadium. Dette mangla dei verktøy til, og Alkymisten vart utvikla som ei ungdomssatsing. Det vart initiert som eit pilotprosjekt som Sogn og Fjordane ynskte å gjennomføre, og dei fekk dette i 2001.

Til utviklinga av det metodiske opplegget, undervisningsmaterialet, og gjennomføringa vart selskapet Hippocampus (Innovasjonsarkitektene) nytta. Desse var også fagleg ansvarlege for pilotprosjektet.

Etter gjennomføringa av pilotprosjektet avslutta Innovasjon Norge, Sogn og Fjordane, samarbeidet med Hippocampus (Innovasjonsarkitektene). Grunngjevinga låg i kommunikasjonen, lokaliseringa og prisen. Det var seks rettleiarar utvalt til pilotprosjektet. Desse vart valt å fortsette med, der den eine -Pål Dahl frå Mentor AS- gjekk inn som faglig ansvarlig. Dette opplegget har blitt nytta på gjennomføringane i 2002 og 2003.

Ein viktig del i den metodiske grunntanken i Alkymisten er, og har vore, at deltakarane skal bli stilt ovanfor opne utfordringar. Gjennom desse utfordringane skal dei oppdage og sjølve skape sine spørsmål. Deltakarane skal såleis gjennom nokre spor i ein dialog/prosess avdekke kva område dei manglar kompetanse på, og dei må så søke å finne løysingane på desse. Dei får sporet, og blir gjennom prosessen halden på rett kjøl fram til spørsmålet både er formulert og (prøvd) løyst.

Oppminneleg var opplegget forholdsvis streng styrt gjennom gjevne oppgåver og ulike malar. Samstundes var utfordringane opne, og fleire temaområde kunne knytast til same oppgåva. Dette var ”sporet” i prosessen. Deltakarane skulle gjennom eit skjematiske opplegg i mindre grad kome på avvegar, eller gå utanom utfordringar dei oppfatta som vanskelege. Ved å ha inngangar til fleire ulike temaområde i same oppgåvene unngjekk ein samtidig å gi dei sjølve spørsmålet (-a). Dette har blitt endra ein del ved at det har blitt meir behovsprøving og færre opne inngangar til utfordringane på dei to siste samlingane. Samstundes er det meir konkretisering av kva tema ein er ute etter i dei ulike utfordringane deltakarane blir stilte ovanfor. Den metodiske grunntanken er den same, men har altså vore gjenstand for ei større konkretisering.

Sjølve gjennomføringa av samlingane og heimearbeidet føregår utan streng regi. Inndelinga er arbeidsøkter der deltakarane sjølve styrer tida. Dette er omtala som eit konstruktivt og kreativt kaos av gruppearbeid, innlegg, og eigne tankar. Deltakarane skal finne vegen gjennom mylderet til dei blir slusa ut i ein presentasjon i siste samlinga. Denne presentasjonen er ein slags eksamen, og har som oppgåve å tvinge deltakarane til å konkretisere tankane deira.

På siste gjennomføringa (2003) vart det på fyrste samlinga innført ei case-øving knytt til metodikken REAL. Dette var meint som trening i å konkretisere og å setje i gong tankeprosessar. Det er vidare ein prosess på gong for å kople Alkymisten opp til Høgskulen i Sogn og Fjordane gjennom at deltakinga skal gi studiepoeng.

### **1.3. *Søknader og utveljing av deltakarar***

#### **1.3.1. *Søknadar og marknadsføring av programmet***

Det er i søknadsprosessen veklagt at det skal være lett å hendvende seg, og at det ikkje skal oppfattast som ein byråkratisk og tung prosess å sende søknaden. Innovasjon Norge nyttar ungdommane sine kommunikasjonskanalar gjennom mellom anna e-post, og det blir ikkje stilt strenge krav til formalitet på dette stadiet.

Fyrste gjennomføringa i Sogn og Fjordane (2001) hadde om lag 40 søknadar, og mange gode kandidatar. Vidare vart deltakarar rekrutterte litt med tanke på å prøve ut ulike idear i opplegget. I 2003 såg det ut til at etterspurnaden var byrja å bli metta, og det var bruk ”kunstig lang tid” på rekruttere. Kvaliteten på søknadane har også gått ned på dei siste gjennomføringane.

Det har vore jamn marknadsføring av programmet frå starten av. Det består av presseoppslag, annonsering, samt informasjon i bankar, næringskontor og andre samarbeidspartnarar og tiltaksapparat. Alkymisten har etterkvart fått eit namn i fylket som har gjort marknadsføringa lettare på dei siste gjennomføringane.

### *1.3.2. Utveljing av deltarane*

Sjølve ideen til deltarane er grunnlaget for utveljinga. Det kjem inn mange typar søknader, og det er ofte varierande kvalitet. Dersom Innovasjon Norge trur det ligg meir bak enn det søkeren klarar å formidle tek dei kontakt og prøver å avdekke dette. Det er såleis i enkelte tilfeller ein kommunikasjon før dei kjem fram til ein endeleg søknad.

Det er ikkje formelle kvar til kva type person som skal søkje. Dei har prøvd å få med alle typar folk, og alle typar/kategoriar av idear.

Til å vurdere om ein forretningside er god nok til at Innovasjon Norge vil satse på vedkommande gjennom ei deltaking på Alkymisten blir den interne kompetansen nytta. Dei tilsette på fylkeskontoret har ulike fagfelt, og jobbar med slike utveljingar. Dei meinter difor at utveljinga er basert på tilstrekkelig faglig kvalitet.

I utveljinga er det også fellesmøte og uformelle samtalar på huset. Innan sitt ”eksepertfelt” har den enkelte tilsette i Innovasjon Norge oversikt over kva som er nye idear, kva som er marknaden, og kva som finnест av konkurrentar. Det er dei to alkymist-ansvarlige ved Innovasjon Norge som testar søknadane på dei tilsette med andre spesialfelt.

I enkelte tilfeller konfererer dei med rettleiarane. Dei kjem då med forslag og eksempel. Utveljinga skjer derimot hjå Innovasjon Norge.

Vidare er utveljinga basert på at det ikkje må være forretningsidear som har lokal konkurranse, og at dei må ha ein større marknad (utover Sogn og Fjordane). Det er lettare å komme inn om forretningsideen representerar noko nytt, men dei tek og inn eksisterande forretningsidear dersom det ikkje er lokal konkurranse til desse.

Innovasjon Norge har gitt rom for søkerar som sorterer under kriteria til BU-midlane. Dette er meir fleksible midlar som etablerarstipend. Det er ofte søknadar som omhandlar idear i kombinasjon med gardsbruk. Då gjerne at dei skal kunne leve av gardsbruket gjennom ei tilleggsnæringside.

Dei som er trekt ut har hatt stor motivasjon. Når dei får plass må dei signere ei samarbeidsavtale. Dette er ei formell avtale der dei bind seg opp til å delta, gje påkravde tilbakemeldingar, og erklære seg tause om andre idear. Dette signerar dei saman med rettleiarane. Det blir såleis sett alvor bak deltakinga for å styrke motivasjon og moralen.

Vidare opplyser dei deltarane bevisst om at dei er heldige som får ta del i tilbodet. Dei får ein stor sjanse gjennom rettleiarapparatet, nettverk, og at dei kjem til dekka utgifter.

### *1.3.3. Utveljing av rettleiarane*

Utveljinga av rettleiarane er ikkje basert på utlysning, men på kjennskap Innovasjon Norge har om dyktige personar innan etableringsvegleiing. Det er bevisst valt folk med bakgrunn frå ulike næringer, slik at dei til saman har kompetanse på eit vidare spekter av forretningsidear. Samt at dei skal ha ulike nettverk innan sine næringsområde å spele på. Innovasjon Norge meiner dette har fungert bra. Rettleiarane er sjenerøse i å bruke sin kontaktar, og dei er svært motiverte og engasjerte. Dei har også opparbeida seg ein kompetanse og erfaring omkring gjennomføringa av Alkymisten.

## **1.4. Metodisk opplegg for evalueringa**

Undersøkingane skal få fram meir kunnskap om:

- Korleis Alkymisten er vore viktig for deltakarane.
- Korleis deltakarane er nøgde med gjennomføringa av Alkymisten?

Samt at informasjonen skal knytast til dei formulerte målsetnadane med Alkymisten (utarbeid av tidlegare SND):

- Å få etablert 5 nye verksemder i løpet av dei to neste åra
- Synleggjere og gjere tilgjengleg Innovasjon Norge si ungdomssatsing og produkt, tenester og nettverk
- Byggje nettverk mellom ungdom og næringsliv/bankar/ressurspersonar og offentleg verkemiddelapparat i regionen. Utvikle kunnskap og bevisstgjering om ungdommane sine behov i forhold til entreprenørskap og auka kompetanse på områda hjå (tidlegare) SND sine eigne tilsette
- Engasjere lokalt næringsliv ved overføring av idear frå ungdom til næringslivet og for etablering av verksemder som følgje av ungdommane sine idear.

I alt kan prosessen i gjennomføringa av Alkymisten inndelast i sju trinn. Trinn 1 og 2 er knytt til utveljinga av deltakarane, medan trinn 3-7 er knytt til gjennomføringa.

1. Søknad
2. Utveljing
3. Fyrste samling
4. Heimearbeid/oppgåver
5. Andre samling
6. Heimearbeid/oppgåver
7. Tredje samling

Det er tre grupper med informantar:

- Deltakarar
- Rettleiarar
- Støtteapparat

### **1.4. 1. Deltakarar**

Det er deltakarar frå tre gjennomføringar av Alkymisten. Gruppa av deltakarar i 2003 er nylig ferdige med si gjennomføring på undersøkingstidspunktet. Desse blir difor nytta til gi meir detaljert informasjon om kvart einskilt trinn i gjennomføringsprosessen. For gruppene 2001 og 2002 er det større avstand i tid, som gjer det vanskelegare for desse å skilje mellom dei enkelte samlingane og oppgåvene. Deltakarane i 2001 og 2002 er vidare slått saman til éi gruppe, og eit enklare opplegg som rettar seg mot heile prosessen samla er nytta.

Det er gjort ei inndeling etter kvar deltakarane står i utviklingsprosessen av verksemda. Denne inndelinga avheng også av kor lang tid det er sidan deltakinga på Alkymisten fann stad.

- A) Har etablert ei verksemd
- B) Er i etablerings- / vurderingsfasen
- C) Valt å avslutte prosjektet

Ved avsluttinga av den tredje samlinga er alle deltakarane vurdert til å vere i ei etablerings- og vurderingsfase (B). I ulikt tempo går deltakarane over til å etablere verksemder (A), fortsette å jobbe med ideen (B), eller avslutte prosjektet (C). Det blir difor ei klarare tredeling mellom deltakarane over tid.

På undersøkingspunktet har gruppa fra 2001 og 2002 hatt meir tid til utvikling av ideen. Delinga mellom kategoriane A, B og C har difor utkrystallisert seg for denne gruppa. Den andre gruppa (2003) har nylig avslutta tredje samlinga på intervjudispunktet, og alle deltakarane er vurdert til å vere i kategori B.

#### *1.4.2. Rettleiarar*

Under gjennomføringa i 2001 var det seks rettleiarar, i 2002 var det fem rettleiarar, og i 2003 var det fire. Med unntak av to personar har dei same rettleiarane vore med i alle Alkymist-gjennomføringane i Sogn og Fjordane (dvs at det har vore involvert totalt sju rettleiarar). Eine av desse står no for gjennomføringa av Alkymisten (Pål Dahl). Rettleiarane har ikkje deltakarane sin ståstad, men er tett knytte til mange av desse. Dei er difor viktige informantar i ei vurdering av korleis Alkymisten er oppfatta hjå deltakarane. Vidare har rettleiarane også kunnskap og innsikt omkring sjølve gjennomføringsprosessen.

Rettleiarane har difor ei todelt rolle i innhentinga av informasjon. Eine delen er å supplere med informasjon og synspunkt i utarbeidninga av spørjeskjema til deltakarane. I etterkant av undersøkinga er rettleiarane nytta til å gje deira tolkingar og synspunkt på deltakarane sine tilbakemeldingar.

#### *1.4.3. Støtteapparatet*

Støtteapparatet er delt mellom Innovasjon Norge, Sogn og Fjordane, og Mentor AS ved Pål Dahl. Innovasjon Norge initierar Alkymisten, og som står for utveljinga av deltakarane. Medan Mentor AS gjennomfører for tida prosjektet, og Pål Dahl er prosjektleiar. Informantane er nøkkelpersonar frå begge desse institusjonane.

Støtteapparatet blir nytta som kjelde til den grunnleggande informasjonen om; utviklinga over tid, gjennomføringsopplegget som er valt, og kva dei oppfattar som viktig informasjon frå deltakarane. På denne bakgrunnen, og i samarbeid med desse, er spørsmålsopplegget utarbeida.

#### *1.4.4. Oversikt*

Innhenting av informasjon er skjematiskt framstilt i tabellen under. Trinna er relatert til opplistinga fyrst i kapittelet, og skraverte felt syner kva trinn i prosessen informantane er nytta. Som det kjem fram er 2001/2002-gruppa delt mellom kategoriane A, B og C, medan trinna 3-7 er samla. For 2003-gruppa er alle i kategori B, men dei sit på detaljert informasjon for kvart av trinna. Rettleiarane er nytta som informantar til trinn 3-7, og støtteapparatet er nytta beskrivande i alle trinna. Her er i hovudsak Innovasjon Norge knytt til trinn 1 og 2, medan Mentor AS er knytt til trinn 3-7.

| Gruppe        | 2001 og 2002 |   |     | 2003 |   |   |   |   |   |   |
|---------------|--------------|---|-----|------|---|---|---|---|---|---|
|               | 1            | 2 | 3-7 | 1    | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 7 |
| Deltakarar    | A            |   |     |      |   |   |   |   |   |   |
|               | B            |   |     |      |   |   |   |   |   |   |
|               | C            |   |     |      |   |   |   |   |   |   |
| Rettleiarar   |              |   |     |      |   |   |   |   |   |   |
| Støtteapparat |              |   |     |      |   |   |   |   |   |   |

#### 1.4.5. Analyse

Analysen er basert på informasjon frå deltakarane. Denne er innhenta ved bruk av spørjeundersøking på Internett. Resultata er framstilte ved bruk av frekvensfordelingar. Desse er vidare supplert med utsegner og merknader frå deltakarane, og sett saman med informasjonen frå rettleiarane.

Det er vidare ein deltakande observasjonen på siste samlinga til 2003-gruppa (i februar). Denne henta informasjon i ein situasjon der det var koplinga mellom både deltakarane, rettleiarane og støtteapparatet.

Analysen dannar grunnlag for kunnskap om måloppnåinga ved Alkymisten, samt korleis støtteapparatet velgjer ut deltakarane, og gjennomfører prosessen. Vidare får den fram kunnskap om kor nøgde deltakarane er med rettleiinga og prosessen i dei ulike gjennomføringane, og i kva grad deltakarane oppfattar Alkymisten som viktig.

Analysen er gjort i kortversjonen: VF-notat 4/2004

## **2. Resultat**

### **2.1. Gjennomføring av spørjeundersøkinga**

Undersøkinga er retta mot totalt 70 deltagarar fordelt på tre grupper. Desse er:

2001: 25 deltagarar

2002: 22 deltagarar

2003: 23 deltagarar

I undersøkinga er deltagarane i 2001 og 2002 samanslegne til ein populasjon.

Undersøkinga føregjekk ved bruk av spørjeskjema på ei nettside. Den starta 19 februar, og alle deltagarane fekk 17. februar tilsendt brev med oppmoding om å gå inn på nettsida: [www.vestforsk.no/alkymisten](http://www.vestforsk.no/alkymisten). I etterkant har to brev kome i retur. Deltagarane i 2003 gruppa fekk også tilsendt oppmodinga pr. e-post. Det var sett frist til 1. mars for å svare, og innan fristen var svara fordelt slik:

2001 og 2002: 13 svar

2003: 7 svar

Den 2. mars var det altså 20 deltagarar som hadde svart, og det vart sendt purring til 51 deltagarar. Dette årsaka i at det også vart sendt purring til deltagarar som valde å ikkje opplyse namnet sitt. Deltagarane kunne gjere dette ved å sende ei tekstmelding som stadfestar at dei hadde svart. Namna vart såleis ikkje kopla til svaret i databasen. Purringa vart sendt på tekstmelding til deltagarane. Alle mobiltelefonnummer vart kontrollerte opp mot namn. Det var to deltagarar som ikkje hadde mobiltelefonnummer registrert i Telenor sin online telefonkatalog, og som såleis ikkje fekk purring.

Purringa inneheld teksten:

*Hei. Vi skulle gjerne hatt di hjelpe til ei evaluering av Alkymisten. Spørsmål på <http://www.vestforsk.no/alkymisten/> -før fredag. Helsing Vestlandsforsking*

Fredagen, 5. mars, var svara fordelt slik:

2001 og 2002: 16 svar

2003: 12 svar

Det vart sendt ut ny purring til 47 deltagarar den 5. mars, også denne gongen på tekstmelding. Purringa inneheld teksten:

*Har du svart på Alkymist-undersøkinga? Vi håpar på fleire svar, så om du har litt tid før måndag: [www.vestforsk.no/alkymisten/](http://www.vestforsk.no/alkymisten/) Mvh Vestlandsforsking*

Undersøkinga vart avslutta mandag 8. mars. Den hadde då vore aktiv i 18 dagar, og deltagarane hadde fått oppmodning om å svare tre gongar. Resultatet var samla 37 svar, som utgjer om lag 53 % av heile populasjonen (N). Svara er fordelt slik:

2001 og 2002: 21 svar (45 %)

2003: 16 svar (70 %)

Den samanslegne 2001 og 2002 gruppa er inndelt i tre kategoriar. Svara er fordelt slik mellom dei tre kategoriane:

Har starta verksemd: 12 svar

Framleis i etablerings eller vurderingsfasen: 8 svar

Valt å avslutte prosjektet: 1 svar

Innovasjon Norge gjorde ei vurdering av fordelinga mellom kategoriane A, B og C basert på deira kjennskap til deltakarane. Det er såleis ikkje noko informasjon frå heile populasjonen direkte om den faktiske fordelinga mellom kategoriane på undersøkingstidspunktet.

Fordelinga til Innovasjon Norge er<sup>1</sup>:

Har starta verksemd (A): 16 deltakarar

Framleis i etablerings eller vurderingsfasen (B): 11 deltakarar

Valt å avslutte prosjektet (C): 18 deltakarar

Det er viktig å merke seg at av dei som har valt å avslutte prosjektet har berre ein deltarar respondert.

***Undersøkinga inneheld ikkje informasjon frå deltakarar som har valt å avslutte sitt prosjekt, og må sjåast i samanheng med dette.***

Den kollektivt låge oppslutnaden kan tyde på at desse deltakarane har ei oppfatninga av å vere definitivt ferdige med Alkymisten. Ved sterke synspunkt i den eine eller andre retning, eller om dei følte ei samkjensle til Alkymisten, skulle ein tru fleire ville respondert. Det kan difor mulig sjåast på som ein eit resultat av at dei stiller seg likegyldige til programmet.

Rettleiarane er nytta til å teste spørjeskjemaet. Ein rettleiar hadde kommentar til spørjeskjemaet. Vidare kom Innovasjon Norge og Pål Dahl i Mentor AS med innspel til oppbygging av spørjeskjemaet.

Tre rettleiarar gav kommentarar til svara i etterkant, samt Pål Dahl gav sine innspel. Rettleiarane vart oppmoda om å gje si tilbakemelding til saman tre gongar over to-tre veker, men oppslutnaden vart diverre ikkje fulltalig.

---

<sup>1</sup> To av deltakarane hadde dei ikkje informasjon til å vurdere

## **2.2. Datagrunnlag**

Under følgjer svara frå spørjeundersøkinga med frekvensfordelingar og kommentarar frå deltakarane og rettleiarane. Kommentarar og synspunkt er endra i den grad dette var naudsynt for å halde deltakarane anonyme. Ut over dette er svara gjengjevne i klartekst. Rettleiarane er spurde om å kommentere resultata på generelt grunnlag, samt dei er spurde om å kommentere nokre særskilde funn. Desse er spesifiserte i fotnotar. Vidare er det nokre kommentarar frå støtteapparatet (ved prosjektleiar). Vi gjer merksame på at desse ikkje inneheld Innovasjon Norge sine synspunkt.

Resultata er inndelt etter kapitla:

2.2.1 Deltakarar i 2003

2.2.2 Deltakarar 2001 eller 2002 som har starta verksemد

2.2.3 Deltakarar 2001 eller 2002 som framleis er i etablering eller vurderingsfasen


2.2.4 Deltakarar 2001 eller 2002 som har valt å avslutte prosjektet

2.2.5 Samanfatta svar på like spørsmål for alle deltakarane.

### *2.2.1. Deltakarar i 2003*

*Korleis meinar du fyrste samlinga fungerte med tanke på punkta under?*

|                         | Bra   |     | Middels |     | Dårlig |    |
|-------------------------|-------|-----|---------|-----|--------|----|
|                         | Count | %   | Count   | %   | Count  | %  |
| Arbeidsmengde           | 10    | 71% | 4       | 29% |        |    |
| Presentasjon av stoffet | 8     | 57% | 5       | 36% | 1      | 7% |
| Progresjon              | 9     | 64% | 4       | 29% | 1      | 7% |
| Vanskegrad              | 10    | 71% | 4       | 29% |        |    |
| Arbeidsmetode           | 11    | 79% | 2       | 14% | 1      | 7% |



## Kommentar frå deltakarane

For lite marknadsanalyse.

*Lite vekt på vitale delar av utvikling og drift av forretningsføretak. Det kunne til dømes vore meir lagt vekt på skatt, moms mm..*

*Det var litt for stort sprik i gruppen til at det kunne fungere med gruppearbeid, dvs vi var ikke kommet like langt*

*Viktig å bli satt inn i problemstillingar som senere vil komme, men som vi enda ikke hadde tenkt på.*

## Kommentarar frå rettleiarane<sup>2</sup>

*Første samling er idéutvikling. M.a.o. kreativt "kaos" I utvikling av forretningsidéen og vurdering av denne. I mellomperioden maktar dei ikkje å jobbe strukturert nok fordi dei er ikkje vant med slik arbeidsmetode. Dessutan opplever dei å stå åleine. Dei må gå vegen sjølv. I denne fasen har rettleiar eit særleg ansvar å sikre strukturert jobbing og oppmunstre gründer ved å peike på at situasjonen er "normal".*

*Etter mi mening er det kanskje litt for mykje einvegskommunikasjon i noko av presentasjonen av stoffet. Vi starta denne gongen med eit case frå Real programmet, det var bra.*

*Ref kommentar frå deltakarane, det kan vere litt vanskeleg å gå inn i konkrete spm (skatt, mva og liknande) då det i denne samlinga er viktig å skape en felles plattform, dei enkelte deltakarane ha forskjellig utgangspunkt og og forskjellig nivå på sine forrerningsidear.*

---

<sup>2</sup> Rettleiarane vart særskilt spurde om å kommentere: Dei fem første spørsmåla er knytt til kvart trinn i prosessen. Det kan sjå ut som det starta veldig bra, men at dei gjekk på ein liten smell i fyrste mellomperioden. Vidare ser det ut som andre samlinga av tøff for dei fleste. Derimot ser dei meir nøgde ut med tredje samlinga. Synspunkt på dette?

*Meiner det blir heilt feil å bruke tid på moms. Det er såpass enkelt at det lærer dei seg kjapt med ein god rekneskapsførar. Bortkasta tid. Det er viktigare å arbeide MEIR med forretningside, posisjonering, kommunikasjon etc.*


#### Kommentarar frå støtteapparatet (ved prosjektleiar)

*Andre samling vet vi er den tøffeste, for her må de begynne å bli konkrete og ta noen vanskelige valg. Første mellomperiode kan nok også oppleves vanskelig fordi de har hatt en fin opplevelse på første samling med fellesskap, gruppearbeid og oppmerksomhet fra alkymister og rettledere, og så kommer de tilbake til hverdagen og skal ta fatt på ting de ikke har gjort før og nå er de nesten på egenhånd.*

---

*Korleis meinar du den fyrste mellomperioden fungerte med tanke på punkta under?*

|                         | Bra   |     | Middels |     | Dårlig |     |
|-------------------------|-------|-----|---------|-----|--------|-----|
|                         | Count | %   | Count   | %   | Count  | %   |
| Arbeidsmengde           | 13    | 81% | 3       | 19% |        |     |
| Presentasjon av stoffet | 5     | 31% | 9       | 56% | 2      | 13% |
| Progresjon              | 8     | 53% | 7       | 47% |        |     |
| Vanskegrad              | 9     | 60% | 5       | 33% | 1      | 7%  |
| Arbeidsmetode           | 9     | 56% | 6       | 38% | 1      | 6%  |



#### Kommentar frå deltakarane

*Eige arbeid kunne godt vore betre.*

*Rettleiar gjorde ein god jobb med sine innspel.*

*Litt uklårt kva ein burde gjere. Kunne vore meir konkret*

#### Kommentarar frå rettleiarane


*Vanskeleg for gründer fordi arbeidsmetodikken er ny. Skal få struktur på kaostankar i denne mellomperioden. Det er vanskeleg, men nødvendig.*

*Det var ei klår forbeting frå tidlegare at arbeidet i mellomperioden var mykje meir forpliktande for deltagarane og det gjorde det lettare å følgje opp Alkymistane.*

---

*Korleis meinar du andre samlinga fungerte med tanke på punkta under?*

|                         | Bra   |     | Middels |     | Dårlig |     |
|-------------------------|-------|-----|---------|-----|--------|-----|
|                         | Count | %   | Count   | %   | Count  | %   |
| Arbeidsmengde           | 9     | 56% | 7       | 44% |        |     |
| Presentasjon av stoffet | 9     | 56% | 7       | 44% |        |     |
| Progresjon              | 7     | 47% | 8       | 53% |        |     |
| Vanskegrad              | 8     | 50% | 5       | 31% | 3      | 19% |
| Arbeidsmetode           | 11    | 69% | 5       | 31% |        |     |



#### Kommentar frå deltagarane

*Budsjett og rekneskap er tungt stoff. Materien vart lagt fram på ein god måte. Må vere enkelt!*

*Denne samlingen følte jeg jeg hadde problemer med å fokusere 100% på det jeg skulle gjøre. Jeg var forvirret da jeg reiste hjem, men dog i forhold til mitt prosjekt ikke i forhold til hva som ble tatt opp under samlingen. Det var bra. Men det gikk litt fort kanskje.*

*Mye tall og regler å fordøye på kort tid, og veileder har mye å gjøre med å hjelpe alle på gruppen. Men det man ikke fikk med seg på samlingen kunne man se mer på senere på veiledermøtene.*

### Kommentarar frå rettleiarane

*Andre samling er konsekvensarbeid av første samling. Her kjem dei økonomiske konsekvensane av første samling. Mange opplever å gå i sirkel i staden for å gå framover. Frustrerande fase der dei opplever at å vere gründer er ikkje å gå på ei bein framover. Dei må tilbake å justere forretningsidéen slik at ein oppnår anten marknadstilpassing eller nødvendig økonomisk resultat.*

*Økonomi er vanskeleg stoff for dei fleste. Det er trass alt snakk om å sjå konsekvensar av eigen forretningsidé og konsept.*

*I denne perioden var det nok til tider litt for mykje einvegskommunikasjon, eg trur utbyttet for Alkymistane ville blitt betre om rettleiarane blei noko meir involvert i temaa som ein gjekk gjennom. Ved å bryte opp gjennomgangen med korte faglege innspel ville det kanskje vere lettare å halde på konsentrasjonen hos deltakarane.*


*Samling nr 2 er utan tvil den tøffaste for deltakarane og den som fungerar minst godt i prosjektet*

*Føler det er heilt naturleg at andre samling blir den tøffaste. Då har ein mange lause trådar, litt motforestillingar, litt usikkerheit m.o.p. forretningsideen etc.*

---

*Korleis meinar du den andre mellomperioden fungerte med tanke på punkta under?*

|                         | Bra   |     | Middels |     | Dårlig |    |
|-------------------------|-------|-----|---------|-----|--------|----|
|                         | Count | %   | Count   | %   | Count  | %  |
| Arbeidsmengde           | 10    | 63% | 6       | 38% |        |    |
| Presentasjon av stoffet | 6     | 38% | 9       | 56% | 1      | 6% |
| Progresjon              | 9     | 60% | 5       | 33% | 1      | 7% |
| Vanskegrad              | 10    | 63% | 6       | 38% |        |    |
| Arbeidsmetode           | 9     | 56% | 7       | 44% |        |    |



### Kommentar frå deltakarane

*Informasjonen i perm og frå retteleiar kunne vore betre eg arbeidde med budsjettet. Betre arbeid på eiga hand. Kontakt med retteleiar fungert betre gjennom videokonferanse enn møte, med tanke på tidsbruk og effektivitet.*

*Til tross for at retteleiar gjorde ein framifrå jobb som idekilde, var det stagnasjon i arbeidet. Dette skuldast oss sjølve.*

*Jeg ble reddet av veileder. Det ble vendepunktet mitt for å kunne fortsette ved tredje samling. Det var bra med tid mellom samling to og tre.*

*Massa å gjøre, men veldig gøy og utviklende.*

### Kommentarar frå retteleiarane

*Økonomi vert lettare når ein har brynt seg på eigne tal og tankerekker før retteleiar kjem i mellomperioden. Her valte eg å jobbe praktisk med kvar deltakar, noko eg meiner er heilt avgjerande for at dei skal forstå nødvende av å tenke økonomi. Følte at eg fekk hjelpt dei godt avgarde med denne sekvensen.*


*Det var relativt lang tid mellom samling 2 og 3 og ein av oppgåvane som retteleiar var å "mase" på deltakarane for at dei ikkje skulle miste fokus. Elles følte eg at det var bra arbeid hos Alkymistane eg hadde og vi hadde fruktbare møter og eg føler at eg fekk dei på riktig spor fram mot samling 3. Det kan vere ein balansegang i høve til kor mykje dei kan/må arbeide med forretningseideane sine og det arbeidet – oppgåvane dei elles har.*

*Telefonmøte/videokonferanse fungerte godt i denne fasen*

---

*Korleis meinar du tredje samlinga fungerte med tanke på punkta under?*

|                         | Bra   |     | Middels |     | Dårlig |     |
|-------------------------|-------|-----|---------|-----|--------|-----|
|                         | Count | %   | Count   | %   | Count  | %   |
| Arbeidsmengde           | 11    | 69% | 5       | 31% |        |     |
| Presentasjon av stoffet | 9     | 60% | 5       | 33% | 1      | 7%  |
| Progresjon              | 9     | 64% | 3       | 21% | 2      | 14% |
| Vanskegrad              | 8     | 53% | 7       | 47% |        |     |
| Arbeidsmetode           | 10    | 67% | 4       | 27% | 1      | 7%  |



### Kommentar frå deltakarane

*Opplegget med ei avsluttande framføring fungerte godt. Trass i dette, gjorde arbeidet med framføringa til at det ikkje vart arbeidd med særleg mykje anna ein det reint presentasjonstekniske.*

*for mye jobbing med presentasjon, for lite med det vi egentlig trengte hjelp til-å gjøre ferdig foreningsplanen.*

*Det løsna litt på siste samling - vi kom eit steg vidare. Den mest fruktbare samlinga for vår del.*

*Første og tredje samling var best, med høydepunkt på smaling tre. Det var morro å stå foran og presentere og det var ikke for hektisk heller. Jeg syntes det var følt å dra derfra.*

*Viktig å vere godt forberedt og ha det meste klart før samlingen, for det blir litt hektisk, mangen skal ha hjelp av veilederene og uventede dataprosblem dukker opp og skaper stress.*

### Kommenrarar frå rettleiarane

*Er ikkje sikker på om innsatsen står i høve til læringa. Presentasjon er viktig, men eg er usikker på om vektlegginga er feil. Burde førebu gründarane meir på livet etter Alkymisten og korleis gå vegen vidare enn berre å fokusere på presentasjon.*

*Ved utviklinga av forretningsplanen var alle fokusert på å gjøre "det riktige" og nokre vart hengjande fast i malane for forretningsplanen, noen trudde at dei måtte skrive noko på alle områder og ikkje berre det som var relevant for dei. Tok litt tid å få deltakarane til å løsrive seg frå "skjemaveldet".*

*Tredje samling er fokus presentasjon av forretningskonsept, sal til eksterne. Dette er å presentere resultatet av gjennomført arbeid. Frustrasjonsnivået er lågt, her krevs berre hardt arbeid. Derfor er denne samlinga lettare enn nr. 2 og like kjekk som samling nr. 1.*


*Det er nok riktig at det var mykje fokus på presentasjonen, utfordringa for rettleiar er å få deltakarane å forstå at power point ikkje er svaret og få dei til å tenkje gjennom kvifor dei skulle gjøre presentasjonen – kven var målgruppa.*

*Føler det blir veldig stort fokus på presentasjon/det tekniske. For lite fokus på innhald i forretningsplanen*

---

*Kva tema var det for mykje, passleg eller for lite av i Alkymisten?*

| Count                      | For Mykje | Passelig | For lite |
|----------------------------|-----------|----------|----------|
| Produktutvikling           |           | 13       | 3        |
| Produksjon                 |           | 14       | 1        |
| Sal                        |           | 8        | 8        |
| Marknadsanalyse            | 1         | 11       | 4        |
| Marknadsføring             | 1         | 8        | 7        |
| Økonomi knytt til oppstart |           | 8        | 8        |
| Økonomi knytt til drift    |           | 12       | 4        |
| Konkurransevurdering       | 2         | 12       | 2        |
| Organisasjonsform          |           | 10       | 6        |
| Regelverk                  |           | 4        | 12       |
| Administrasjon             | 2         | 8        | 6        |



### Kommentarar frå rettleiarane<sup>3</sup>

Svaret på dette spørsmålet er vel farga av kor langt dei enkelte var komne i prosessen, ein som ligg i startgropen for å starte opp vll f.eks vere oppteken av formelle saker mens andre kanskje arbeida meir med marknad og kunder.

### Kommentarar frå støtteapparatet (ved prosjektleiar)

I Alkymisten fokuserer vi på at den enkelte skal utvikle sin forretningsplan basert på en forståelse for kunden/markedet sitt behov, finne løsninger på dette som gir kunden nytteverdi og klare å formidle dette på en god og forståelig måte. Dette er kjernen i salg og markedsføring, men oppleves trolig ikke slik hos alle (selv om vi har fortalt dette mange ganger).

Overrasker meg at så mange ønsker å lære mer om regelverk, organisering, mva/skatt og administrasjon. Jeg tror dette er enkelt tilgjengelig når de har brukt for det, og vi har vist de hvor de kan finne dette. Vi anbefalte et oppslagsverk på disse temaene (Bedrifts ABC) til kr 249,-, men ingen bestilte boka (de bladde ikke i den engang).

---

*Kva kunne vore gjort for at du tidlegare skulle oppdage at du kom til å lære for lite om dette/desse tema?*

### Kommentarar frå deltakarane

*Ein del av det som det føltes for lite av under kurset går greit å sette seg inn i sjølv i etterkant.*

*Meir arbeid med casar. Me hadde ein kort bok med dette på første samlinga, og ein slik case på kvar samling kunne bidrege til dette.*

*fått meir info om innholdet i alkymisten, fått veta lit meir om emner og tema som skulle opp og jobbast med tidligare/førekant av første samling.*

<sup>3</sup> Rettleiarane vart særskilt spurde om å kommentere: Denne kan dykk sjå på og samanlikne med den samla sist i dokumentet. Er det endringar undervegs som kan gje utslag? Kople gjerne denne til dei fem spørsmåla ovanfor.

*fikk en følelse av at temaene var satt i utgangspunktet, via opg vi skulle løse. det kunne nok blitt oss fortalt at det var et alternativ*

*Trur ei god oversikt over disponering av tid til ulike emner må kome klart fram på fyrste samling.*

*Det ein kunne ha gjort tidlegare var å sette seg meir inn i programmet for heile kurset og med det forberede seg på aktuelle tema som ein vil ta opp.*

*at det var sett opp eit ca antall timer på kvart tema*

*Kunne tatt det opp som evt tema hvis det var tid til det, men det var det lite av. Det var kun tid til fastsatte oppgaver og litt ekstra om økonomi/selskapsformer etc. Det skulle vært større rom for å ta opp tema utenom oppgavene.*

*sagt fra*

#### **Kommenarar frå rettleiarane<sup>4</sup>**

*At dei har lært at dei kan for lite om noko er viktig. Då er det mogleg å finne ut av det dei ikkje kan godt nok om. Vi kan ikkje lære dei alt på så kort tid.*

*Desse tilbakemeldingane er heilt normale. Alle har ulik ståstad. Nokre har jobba mykje med forretningsidéen før dei kjem på Alkymisten. Andre har berre ein vag idé. Nokre har kompetansemessige fortrinn for det dei skal til med. Andre er heilt blanke. Dei ressursterke ønsker å gå strake vegen med sin idé. Dei "ressurssvake" ønsker å få meir kunnskap gjennom generell informasjon.*

*Rettleiarane bør kanskje vite meir om deltakarane dei skal gje retteliing og forretningsideane deira. Kanskje ha ein kort samtale med dei før første samling for å kartlegge individuelle forventingar. Det kan kanskje gjere rettelinge meir målretta i høve til kvar enkelt deltakar?*

*Generelt ville eg seie det hadde vore ein fordel om deltakarane fekk klarare presentert kva dei skulle gjennom, kva som var forventa av dei, og kva som var sluttresultatet av prosessen.*

*Dette er blitt brukt meir tid på, og Pål Dahl har gjort forbetringer her – men meiner vi kan gjere dette endå klarare.*

#### **Kommentarar frå støtteapparatet (ved prosjektleiar)**

*Mitt inntrykk gjennom presentasjonene på siste samling er at de har tilegnet seg det de er motivert for og trenger for å ferdigstille sin forretningsplan. Det ble også gitt som anbefalt hjemmelekse å lese igjennom oppgavene for neste samling for å være forberedt på hva som ville komme. I Alkymisten er det oppgavene som setter dagsorden og ikkje et dagsprogram, dette er informert om flere ganger til deltagerne.*

---

*Kva kunne vore gjort for at du også skulle bli meir motivert til å lære om dette?*

#### **Kommentarar frå deltakarane**

*Større spesifisering på gruppa av den type verksemd eg skal inn i. (Bytta gruppe?)*

*Svaret må verte tett opp til det eg har svara over. Elles kunne sjølv sagt kurshaldar understreka desse tilhøva i større grad.*

*(Meir arbeid med casar. Me hadde ein kort bolk med dette på fyrste samlinga, og ein slik case på kvar samling kunne bidrage til dette.)*

---

<sup>4</sup> Rettleiarane vart særskilt spurde om å kommentere: Her er det ymse tilbakemeldingar. Kva er dykkar synspunkt på dette og neste spørsmål?

*Rekneskap, markedsanalyser og sånt er jo nesten umuli å jette seg fram til når du sitter der på første samlingen,*

*jeg er motivert for dette i utgp*

*Motivasjon for å gjennomføre ditt prosjekt ligg til grunn når du er med heilt til mål på alkymisten. Ei bevisstgjering av viktigheit av ulike tema frå alkymisten si side bør vere nok.*

*Undersøke dei felt som var interessane og viktige i mi etablering.*

*at ein kunne svara på eit tilsvarende skjema som dette før kurset, slik at rettleiar viste kva kvar enkelt trengde kunnskap om*

*Det står ikke på motivasjonen for den kunne ikke bli bedre. Jeg har lenge hatt lyst til dette og har vært ivrig hele veien.*

### Kommentarar frå rettleiarane

*Her ligg ei stor utfordring. Kanskje kunne vi dele inn gruppene utifrå kunnskapsnivå, men då misser vi fordelen med at dei som er komne lengst av garde kan hjelpe dei som ikkje har kome like langt. Eg trur at mellomperioden med rettleiar vert viktig for å bøte på dette. Bruk av generelt case er ikkje brukande så lenge heile konseptet er bygt på at kvar einskild skal ha ein klar idé og skal konkret jobbe med denne både på samlingane og i mellomperiodane. Dette må ein ikkje gå vekk i frå.*

---

*I kva grad oppfatta du samarbeidet med dei andre deltagarane som nyttig?*

|                | Count | %   |
|----------------|-------|-----|
| Svært nyttig   | 10    | 63% |
| Middels nyttig | 5     | 31% |
| Ikkje nyttig   | 1     | 6%  |

### Kommentarar frå deltagarane

#### **Svært nyttig**

*Skaper eit nettverk som er med på å fremje din eigen ide!*

*Å ha samkvem med personar som er i same situasjon som ein sjølv opplevde eg som nyttig, spesielt med tanke på inspirasjonen ein kunne hente frå denne omgangen. Når det gjeld nettverksbygging, opplevde eg kurshaldarar og rettleiarar som meir verdifulle enn dei andre deltagarane.*

*Sidan det var svært ulike arbeid på gang, hadde vi størst nytte av vennskap og støtte, dele erfaringar frå kursrt ol. Dette var til gjengjeld veldig viktig og vellukka.*

*fordi der var en del på kurset som hadde stor rellevans for drifta/kundane våra.*

*Relasjonar med likesinna viste seg å vera særsla nyttig då ein fekk andre innfallsvinklar på diverse tema. Samstundes vart ein oppmerksam på korleis ein måtte ordlegge seg sjølv og eige konsept for andre. Det sosiale laget var også viktig for rett og slett å kunne "backe" kvarandre opp.*

*Veldig kjekt og møte nye mennesker, som man igjen kan knytte opp mot eget prosjekt i framtiden..*

*vinn-vinn situasjon, idesynnsing,*

*Kjekt å kunne "dra" kverandre fram til ett mål.*

### **Middels nyttig**

*støtte fra andre er viktig, spesielt noen som er i samme situasjon som en selv.*

*For oss var det på mange områder vanskeleg å dra direkte paralleller til andre prosjekt.*

*Det ble veldig mye å være opptatt av den andres ide og hjelpe dem, men lite til å fokusere på eget prosjekt. Men jeg har utnyttet flere av dem jeg satt på gruppe med, og vurderer å bruke dem i fremtiden. Sånn sett har jeg vært heldig å få knyttet kontakter.*

*Selv om en har veldig ulike prosjekt, og ikke har nytte av hverandre rent faglig, så er det fint å kjenne noen som er i samme situasjon, så vi kan støtte og motivere hverandre.*

---

*I kva grad oppfatta du samarbeidet med rettleiarane som nyttig?*

|                | Count | %   |
|----------------|-------|-----|
| Svært nyttig   | 10    | 63% |
| Middels nyttig | 5     | 31% |
| Ikkje nyttig   | 1     | 6%  |

Kommentarar frå deltakarane

### **Svært nyttig**

*Oppbacking! Betyr alt i ein ny situasjon utan medarbeidarar. Viktig for å lære seg å tenke kreativt. Mellomperiodane hadde blitt altfor lange utan møte med rettleiar.*

*Hjelp til å få perspektiv når ein stod fast*

*rettlederen kan alt jeg ikke vet og er flink til å motivere meg. nettverk er også viktig*

*Ein glimrande og oppriktig engasjert veileder med kunnskap og vilje til å setje seg inn i vår "verden".*

*Den personlege dialog og oppfylgjing av rettleiar er minst like viktig som sjølve kurset. Deira erfaring vil ofte kunne setjast opp i mot ulike konsept. Deira nettverk er også viktig då dei kan sette alkymistar i kontakt med rette folk.*

*Vi stod ofte bom fast, vi tenker på ein anna måte en dei som har jobba med sånne ting, god hjelp med å finne ny vinklingar på problem. STOR HONØR TIL RETLEIARANE. TAKK!*

*Da det er veldig viktig og få tilbake meldinger på det man gjør, så man slipper og gå i for mange feller..*

*Uten rettlederen min, hadde jeg fremdeles famlet tror jeg. Han fikk meg inn på rett kjøl, og jeg har fremdeles god kontakt med han i å etablere prosjektet. Uvurderlig er veilederen!*

*Svært god hjelp med: gode råd og ideer, kontakter, samarbeidspartnere, produktutvikling og selvtillit.*

### **Middels nyttig**

*Det tok ei stund før eg forstod at eg fekk mest ut av rettleiar, dersom eg sjølv tok initiativ og var aktiv. På siste samling fungerte dette samarbeidet godt, då eg visste meir kva eg burde spørje om og kva rettleiar kunne yte av hjelp.*

*for lite tid*

*kunne vore meir kontakt i mellomperioden. Uhensiktsmessig å reise for ein kort prat. Betre med telefon el. I*

*Rettleierane kunne til tider vist litt meir initiativ.*

**Ikkje nyttig**  
*Initiativ-fattig rettleiar*

---

*I kva grad oppfatta du samarbeidet med næringslivet og det offentlige som nyttig?*

|                | Count | %   |
|----------------|-------|-----|
| Svært nyttig   | 4     | 25% |
| Middels nyttig | 6     | 38% |
| Ikkje nyttig   | 6     | 38% |

Kommentarar frå deltakarane

**Svært nyttig**

*Eit ansikt er alltid viktig for ein nyetablerar som skal søke pengar og anna støtte. Den personlege kontakten bryt enkelte barrierar og gjer det enklare å ta kontakt.*

*dvs jeg vet det kommer til å bli det...en kan ikke stå alene*

*Innovasjon Norge har vært helt suveren.*

**Middels nyttig**

*Var ikkje så viktig i første del av kurset. Fekk ei anna rolle då planen tok meir form. Viktig å finne ut korleis ein vil "passe inn" med si bedrift i næringslivet.*

*Jeg har ikke vert så mye i kontakt med dem enda.*

**Ikkje nyttig**

*Eg tolkar dette spørsmålet slik at det vert spurta om i kva grad eg oppfatta det som nyttig på kurset. Eg ikkje hugse noko særleg anna enn føredrag frå ulike ansette i Innovasjon Norge og ein overflatisk presentasjon frå Sparebanken Sogn og Fjordane.*

*Dei var meir fastlåste enn oss sjølve, redde for å prøve å krysse departemang grenser*

*Glimra litt med sitt fråvær?*

*Hadde ikke i kontakt med noen.*

*Dette vart for lite konkret.*

*Har ikkje hatt utbytte av ett sånt samarbeid.*

---

*Tykkjer du arbeidsweben fungerte godt?*

|         | Count | %   |
|---------|-------|-----|
| Ja      | 6     | 38% |
| Middels | 9     | 56% |
| Nei     | 1     | 6%  |

## Kommentarar frå deltakarane

### Ja

*I den grad denne vart nytta, fungerte han godt.*

*Den fungerte bra, med tanke på den hjelpen man kan innhente fra andre..*

*fungerte til mitt bruk, innlevering av oppgåver*

*Greit nok, men litt tungvindt når jeg skulle legge inn ferdige oppgaver, og samtidig sende til veileder på en annen epost adresse. Hvorfor ikke samkjøre slik at alt foregår der???*

*Den var svært god, men kunne kanskje vore nytta meir*

*Fungerte bra når jeg ble trygg på å bruke den*

### Middels

*Brukte ofte mail til veiledar i staden, då det går mykje raskare, og fordi ein der får direkte tilbakemelding.*

*Hadde nok brukt den meir dersom eg hadde hatt breibond... hadde gått fortare*

*Godt opplegg, men uvant å bruke*

*det fungerte en stund, men ble litt vanskelig tilgjengelig etter skiftet til inovanor. da gikk det så treigt at jeg nesten ga opp å bruke den*

*Dårleg oppfølging frå vår side. ikkje alkymisten sin feil.*

*Kunne godt ha vert meir informasjon rundt arbeidsoppgaver osv.*

### Nei

*Altfor få brukte webben aktivt som "chat" kanal og liknande. Samstundes burde det vera meir obligatorisk for det arbeidet som skulle leggast ut og oppfylgjing rundt dette.*

## Kommentarar frå rettleiarane<sup>5</sup>

*Arbeidswebben er berre eit kontrollorgan for Innovasjon Noreg og PL. Er heilt unødvendig i tilhøvet mellom rettleiar og gründer. Då er epost og telefon mykje betre.*

*Weben virket betre i 2003 enn tidlegare, den er etter mi mening litt vanskeleg å setje seg inn i, men når ein vert kjend med den er den ok. Deltakarar som ikke har så mykje røynsle med bruk av data kunne nok ha vanskar med å bruke den. Web'en vart vel i liten grad brukt som møteplass mellom deltakarane, her er det rom til forbetring då eg trur at dei vil ha utbytte av å kunne kommunisere med andre over prosjektweb'en.*

---

<sup>5</sup> Rettleiarane vert særskilt spurde om å kommentere: Kva er dykkar oppfatning av arbeidswebben? Har den fungert etter intensjonen, og er svara frå deltakarane som forventa? Det ser også ut som dei i 2001 og 2002 var litt mindre nøgde med webben enn 2003.

*Dette viser ein veikskap med web'en, det er ein funksjon for å sende melding direkte frå web'en når oppgåve vart levert, men deltakarane måtte merke av at rettleiar skal ha den meldinga. Dette bør skje automatisk når Alkymisten legg inn oppgåvane.*

*Tanken bak weben er god. Føler det er det tekniske, måten den er laga på som er problemet. Finn løysinga usedvanleg tungvint lite brukarvenleg.*

#### Kommentarar frå støtteapparatet (ved prosjektleiar)

*Vi har ikkje fått web'n til å fungere slik vi håpte på, mht den frivillige biten. Dvs utveksle erfaringar og bygge relasjoner til de andre deltagerne. Generelt er datakunnen dårlig, og det overrasker vel egentlig flere av oss; vi trodde vel at unge mennesker bruker data og nett mer de faktisk gjør. SMS og e-post er nok vanligere virkemiddel i kommunikasjon for denne målgruppen enn intranett/internett.*

---

*Har du konkret nytta kunnen og/eller kontaktane du fekk gjennom Alkymisten til å hjelpe eller inspirere andre til å utvikle forretningsidear?*

|                   | Count | %   |
|-------------------|-------|-----|
| Ja, fleire gongar | 5     | 31% |
| Ja, éin gong      | 6     | 38% |
| Nei, aldri        | 5     | 31% |

#### Kommentarar frå deltakarane

##### **Ja, fleire gongar**

*Ser mulighetene i andre sine idear og er med på å gje råd om korleis ein kan kome vidare med planane*

*Eg har vore samtalepartnar med initiativtakarar til eit par ulike prosjekt.*

*mangen kamerater og bekjente som eg har snakka med som har gått med idear, har eg bedt dei om å kontakte sond om alkymisten og diverse av dei som jobba i og med alkymisten.*

*Familie medlemmer som har startet eget firma..*

##### **Ja, éin gong**

*Kjem ikkje på noko konkret, men føler slikt ofte glei inn i samtalar i pausane.*

*Kunnen som vi er tilført gjer oss i stand til å belyse for andre kva ein må tenkje igjennom før ein setter i gong med ein idé*

*Jeg hjelper ein ven som vurderer å starte med noe, og jeg har foreslått alkymistensøknad!*

*Jeg har fortalt om, og inspirert en aktuell til å søke på alkymisten*

##### **Nei, aldri**

*men vil anbefale etablerara til å gå på Alkymisten*

*Har ikkje snakka med nokon som ønsker å komme i gang med noko*

*det er for kort tid siden på en måte*

---

*Trur du di deltaking i Alkymisten har fått positive følgjer for ditt lokalmiljø gjennom at du har inspirert andre, gjeve positive signal, eller liknande?*

|         | Count | %   |
|---------|-------|-----|
| Ja      | 5     | 31% |
| Kanskje | 11    | 69% |

Kommentarar frå deltakarane

**Ja**

*Fordi det vise at det er fullt mulig å vere singel, ung og ikkje bu i by men likevel våge å tenke på å bli sin eigen arbeidsgjevar. -Er ikkje alle som har tenkt at det går an!*

*Det tror jeg at jeg har inspirert andre til å gjøre også ja. Folk er positiv til hva jeg har gjort.*

**Kanskje**

*er vel ikkje så mange som har fått med seg at eg har deltatt før eg kjem i gang med bedrifa mi*

*Eg har reklamert aktivt for Alkymisten til kjende, og eg trur at eg har stimulert ei interesse hjå nokre.*

*Får gjort andre oppmerksome på at det er hjelp og veiledning å få vist ein veit kor en skal spørje, eks. SND.*

*er ikke godt å si enda, spør om et år*

*Vi er ikkje skikkeleg komne igong enda. For tidleg å vite.*

*fortidlig å svare på*

*Jeg har gitt positive signal ved at folk ser at jeg kan komme i gang og lykkes med noe jeg har ønsket lenge. De ser at en kan lage seg egne arbeidsplasser i distriktet der det er lite interresante jobber.*

---

*Har du blitt ein betre bedriftsetablerar etter deltakinga på Alkymisten?*

|         | Count | %   |
|---------|-------|-----|
| Ja      | 12    | 75% |
| Kanskje | 4     | 25% |

Kommentarar frå deltakarane

**Ja**

*Har fått betre oversikt over alle prosessane ein må gjennom for å få best mulig resultat*

*Eg veit særstakt mykje meir om dette feltet no enn før kurset.*

*Gjort meg meir beivist på ting og tang som eg ikkje hadde tengt på i det heile tatt.*

*definitivt. jeg har lært en masse som er nyttig for mitt videre arbeide.*

*Hallo? 3 kurs med rettleiarar og oppfylgjing... sjølv sagt stiller vi sterke med kunnskap og anna bagasje...*

*meir kunnskap*

*Det er bedre med litt kunnskap bak seg og en vurdering utenfra fra deltakerne og veileder og innovasjon norge, enn å sitte for seg selv, alene å skulle gjøre samme jobben. Hadde brukt lengre tid og kanskje gitt opp under veien...*

*Mange gode råd frå "erfarne folk", kontaktar med mange nye folk i samme situasjon, lært at det er lov å bli nervøs for framtida utan at det er unormalt eller at ein ikkje mangler talentet av den grunn!*

*Jeg har lært mye, fått inspirasjon og større tro på med selv.*

**Kanskje**

*Sjå forrige spm.*

*(Vi er ikkje skikkeleg komne igong enda. For tidleg å vite.)*

*Vil tro eg har ei større forutsetning for å lykkast.*

## 2.2.2. Deltakarar 2001 eller 2002 som har starta verksemd

I kva grad var deltakinga på Alkymisten avgjerande for at du valte å starte verksemda?

|                      | Count | %   |
|----------------------|-------|-----|
| Heilt avgjerande     | 1     | 8%  |
| Medverkande          | 6     | 50% |
| Hadde starta likevel | 5     | 42% |

Kommentarar frå deltakarane

### Heilt avgjerande

Fekk hjelp med praktiske spørsmål, fekk ein "raud tråd" å følgje og tips om kvar å byrje.

### Medverkande

Hjälp oss til å komme i gang først og fremst økonomisk, men støtte og veiledning gav oss også meir tru på prosjektet.

Vi fekk mykje nyttig informasjon om korleis vi skulle gå fram for å starte verksemda, blei litt tryggare. Og ikkje minst var penge-støtta til stor hjelp, lettare å komme igang når du har litt startkapital.

Vi hadde nok starta bedrifa paa eit seinare tidspunkt. Alkymist prosjektet hjelpte oss godt i gong, og stoetta vi fekk var verd mykje.

Hade nok komme til ås atrta uansett, men det var med på å skunde på prosessane.

### Hadde starta likevel

Godt i gong med planlegginga frå før, men eg kom fortare i gong ved hjelp av alkymisten.

Alkymisten er ikkje avgjerande for å starte opp men for at vi har lykkast

Kommentarar frå rettleiarane<sup>6</sup>

Eg trur nok at dei som er med på Alkymisten har "drive" til å starte for seg sjølv og nok ville starte opp avhengig av Alymisten. Men eg trur at dei kom fortare i gang ved å ha gjennomgått opplegget og kanskje dei har større suksess fordi dei veit meir om kva som er viktig å arbeide med og kva som er mindre viktig i høve til å starte opp?

Det er sjeldan at idéen er så god at den er genial. I dei fleste høve er suksess avhengig av personen/ane bak idéen. Kanskje er spørsmålstillinga feil. Alkymisten er kanskje ikkje avgjerande for at dei valte å starte, men hadde dei kome igong med like godt resultat og moglegheit for suksess uten Alkymisten. Å starte ei verksemnd er det lettaste. Langt meir vanskeleg er det å drive business over tid. Då skal du ha førebudd deg godt og utvikla det konseptet som gjer deg til sigerherre og konkurrentane til taparar.

Dette var ikkje overraskande. Føler at mange av forretningsideane er såpass "kurante" at med litt kyndig veiledning så makter dei å starte opp. Trur likevel at Alkymisten gjer at dei startar opp tidlegare – og at resultatet vert betre.

<sup>6</sup> Rettleiarane vart særskilt spurde om å kommentere: Det er ein forholdsvis stor del som ville starta likevel, eller meinte at Alkymisten bare var medverkande. Er det eit resultat av at dei no har gjort dette, og alt er lett når dei kan det, eller var det oppfatninga også då dei starta? I kva grad er dette knytt til forskjellar i ideane sin "genialitet", og deltakaren sine "entreprenør"-eigenskapar?

### Kommentarar frå støtteapparatet (ved prosjektleiar)

Eg tror ikkje vi skal ha som ambisjon å få ungdom som aldri har tenkt på å starte bedrift til å bli etablerer. Siktemålet må være (og er) at de skal gjøre færre feil og komme raskere i gang med å tjene penger på sin etablering etter at de har gjennomført Alkymisten.

---

*Er verksemda di basert på same forretningsideen som du starta med i Alkymisten?*

|                                                                    | Count | %   |
|--------------------------------------------------------------------|-------|-----|
| Ja                                                                 | 9     | 75% |
| Ja, men den er mykje endra                                         | 2     | 17% |
| Nei, den er så forskjellig at det må kallast ein ny forretningsidé | 1     | 8%  |

### Kommentarar frå rettleiarane<sup>7</sup>

Forretningsideen er den same, men den vert vridd og vinkla på andre måtar enn kva gründerene hadde tenkt i utgangspunktet. Så svara under er nok rette sett i høve til gründeren si oppleving av spørsmålet.

Det skjedde nok endringar for alle, sjølv for dei som seier at dei har same forretningsideen. Dei gjer ting på ei anna måte en opphavelig tenkt og kanskje også fyller forretningsideen med fleire og andre ting. Mitt inntrykk var at alle hadde utvikling underveis og at alle forretningsideane blei endra i større eller mindre grad.

Dette stemmer med det eg opplever og .Dei fleste kjem med ein såpass gjennomtenkt forr. ide at dei arbeider ut denne. Føler heller at det er element i forr.ideen som blir endra dramatisk, men ikkje sjølv ideen

### Kommentarar frå støtteapparatet (ved prosjektleiar)

Arbeidsformen i Alkymisten tilsier at deltagerne nok opplever at det er de selv som kommer fram til den endelige forretningsideen, og at det oftest var fragmenter av denne i den opprinnelige ideen. Ingen av deltagerne så langt har hatt en forretningside med seg inn i Alkymisten, de har bare hatt en ide.

---

*Har du gjennom Alkymisten fått den faglege lerdomen du ynskte og forventa?*

|        | Count | %   |
|--------|-------|-----|
| Ja     | 6     | 50% |
| Delvis | 5     | 42% |
| Nei    | 1     | 8%  |


---

<sup>7</sup> Rettleiarane vart særskilt spurde om å kommentere: Er dette reelt, for mitt inntrykk er at forretningsideane blir vridd ganske mykje? Og korleis tolkar dykk dette relatert til svara ovanfor. Altså at dei har same forretningside, og ville starta likevel.

## Kva tema var det for mykje, passleg eller for lite av i Alkymisten?

Count

|                            | For Mykje | Passelig | For lite |
|----------------------------|-----------|----------|----------|
| Produktutvikling           | 2         | 9        | 1        |
| Produksjon                 | 1         | 11       |          |
| Sal                        |           | 6        | 6        |
| Marknadsanalyse            | 1         | 10       | 1        |
| Marknadsføring             |           | 10       | 2        |
| Økonomi knytt til oppstart |           | 3        | 9        |
| Økonomi knytt til drift    |           | 4        | 8        |
| Konkurransevurdering       |           | 12       |          |
| Organisasjonsform          |           | 6        | 5        |
| Regelverk                  |           | 4        | 8        |
| Administrasjon             |           | 9        | 3        |



## Kommentarar frå rettleiarane<sup>8</sup>

Også her syner det seg at økonomi er vanskeleg fagområde. Regelverk og organisasjonsform er bevisst halde utanfor fordi dei ikkje har føresetnader nok til å få den input no. Då ville fokus flytte seg frå eit godt konsept til daglegdagse ting som rekneskapsfører og andre kan hjelpe dei med når utfordringane dukkar opp.

<sup>8</sup> Rettleiarane vert særskilt spurde om å kommentere: Denne kan dykk sjå på og samanlikne med den samla sist i dokumentet. Er det endringar undervegs som kan gje utslag?

*Ideelt sett burde det vore meir økonomi. Muleg det, men det er ikkje gjennomførbart i praksis ettersom deltakarane har veldig forskjellig utgangspunkt. Fokus på at dei lærer for lite om regelverket er eg heller ikkje enig i. Eg føler snarare det er for lite sal/markedsføring – eit felt dei sjølv MÅ ha kompetanse om dei skal drive med suksess. Økonomi/regelverk er kompetanse ein enkelt kjøper hjå eit rekneskapsbyrå.*

#### Kommentarar frå støtteapparatet (ved prosjektleiar)

*Det hadde vært moro å se hva de hadde svart dersom de ikkje hadde alternativene å velge blant. Har en misstanke om at de oppfatter alternativene som "det de burde ha lært noe om".*

*Vi er veldig klare på at målet i Alkymisten er at deltagerne skal ha en ferdig forretningsplan med seg hjem fra siste samling, og at det er mange ting vi ikkje får tid og anledning å komme inn på.*

---

*Kva kunne vore gjort for at du tidlegare skulle oppdage at du kom til å lære for lite om dette/desse tema?*

#### Kommentarar frå deltakarane

*For mykje teori, bør fokusera meir på organisering og struktur, bruker for lite tid på det praktiske.*

*Det kunne vore sett opp som eit tema på samligane*

*Skrive ned ei liste på førehand om ting du ville bli tatt opp.*

*Litt meir informasjon på første samling som seier kva ein forretningsplan er. Grov gjennomgang over punkt vi skal gjennom, slik at ein er meir forberedt.*

*andre sine erfaringar*

*Vi kunne fått den same lista over tema når vi starta prosjektet, slik at vi sjølv kunne passe på at vi fekk den kunnskapen vi ville om dei ulike punkta.*

*Ein del av problemstillingane kjem ikkje opp før i etterkant når ein faktisk har starta.*

---

*Kva kunne vore gjort for at du også skulle bli meir motivert til å lære om dette?*

#### Kommentarar frå deltakarane

*Bruk gode grundarar meir aktivt, dei har meir truverdigheit om den praktiske gjennomføringa.*

*Fått møte andre i same situasjon som har vore innom tema, f.eks tidlegare alkymistar...*

*Undersøke litt meir sjølv kva slags tema ein bør kunne litt om for å starte ei bedrift*

*andre etablantar sine erfaringar på eit tideligt tidspunkt.*

*Jobba med oppgaver som dekka dei ulike tema. Ein laerer ofte meir av aa jobbe med temaa, i staden for aa berre bli forelest om dei.*

*Oppfølgjing, kursing i etterkant.*

*Bedre oppfølging*

---

*Når du tenkjer attende på deltakinga, korleis meinar du at dette opplegget fungerte?*

|         | Count | %   |
|---------|-------|-----|
| Bra     | 7     | 58% |
| Middels | 5     | 42% |

### Kommentarar frå deltakarane

#### **Bra**

*Heimeoppgåven gortde at ein fekk meir tid til å tenke over ulike tema og var forberedt til neste samlig. Med grupearbeid fekk ein nyttige inspel frå utanforståande.*

*Det blir stilt krav tidleg i prosessen, dette er bra for å luke ut eventuelt likegyldige deltakarar.*

*Fungerte veldig bra å arbeide i grupper og deretter presentere for dei andre deltakarane. bra med eige ansvar, finne ut av ting*

*Det var veldig bra med mykje gruppearbeid. Praksis er meir morro enn teori. Det var bra å få tilbakemeldingar frå dei andre deltakarane. Det var bra å bli pusha til å utarbeide planar!*

*Det var lærerikt og spennande fikk utveksle idear og tanker med andre*

#### **Middels**

*Opplegget er for teoretisk, det bør inn fleire med bakgrunn i å etablerea noko sjølv, ikkje berre personar som er konsulentar og offentleg tilsette. Det var også lite oversiktleg kor mange timer kvart prosjekt hadde etter ei kvar tid. Det bør innførast tidskonto for heile prosjektet, der kvart prosjekt har meir kontroll med kor mykje veiledaren har brukt av timer.*

*Lite tid til å jobbe med "heimelekse"*

*Deltakarane burde ha fått meir informasjon i forkant av fyrste samling. For enkelte vart utforming av foreningside litt difus. Overgaongen til andre samling var merkabr tøff, og siste samling vart ein rein presentasjons teknikk øving. Her burde ein kanskje ha teke tak i litt meir om kva som vil møta deg, ansvar og økonomiske konsekvensar.*

*Synes alle spørsmål var for lange og tung leste. De var i hovudsak gode men det ble for mange spørsmål til å kunne svare raskt og effektivt.*

---

*I kva grad oppfatta du samarbeidet med dei andre deltakarane som nyttig?*

|                | Count | %   |
|----------------|-------|-----|
| Svært nyttig   | 6     | 50% |
| Middels nyttig | 6     | 50% |

### Kommentarar frå deltakarane

#### **Svært nyttig**

*Får bekrefta og avkrefta diverse tankar og følelsar du har rundt det å starte bedrift. Føler eit felleskap, føler at det er mogeleg.*

## Nettverk

*men det var for lite av aktivitetar som bandt gruppa saman, sidan eg har kontakt med berre 4 av deltarane no.*

*Det var veldig lærerikt å være ilag med så forskjellige type mennesker med ulike gjøremål. Dette var svært nyttig og jeg har forsatt kontakt med noen som deltok på kurset.*

*Sjå forrige (Det var lærerikt og spennande fikk utveksle idear og tanker med nadre)*

## Middels nyttig

*Hyggeleg å få eit større nettverk i Sogn og Fj.*

*Ikkje så mange var i same nisje, så slik sett har vi ikkje nytta oss av nettverket i ettertid, men på samligane var det nyttig i form av motivasjon og tilbakemelding.*

*Fekk gode tips og råd fra veilederen som vi såg som nyttig. Han hjalp oss godt med utviklinga. Dei andre deltarane kan eg ikkje seie å ha så stor nytte for vår del. Men absolutt kjekt å høyre kva metodar etc dei brukte!*

*Det var bra aa faa tilbakemeldingar frå dei andre deltarane.*

*Har ein del kontakt med dei som var på gruppa mi, og dette føler eg er godt i forhold til å mottivere kvarandre i tunge stunder. Også for å søke råd.*

## Kommentarar frå rettleiarane<sup>9</sup>

*Mest truleg er dette eit resultat av avstand i tid. Mest behov for å bruke kvarandre i byrjinga.*

*Eg trur at endringa som har skjedd i opplegget frå 2001 og til i dag har virka positivt og det kan verke inn på svara som er gitt.*

*Overraska over 2001, sidan eg følte dei var svært samansveisa*

## Kommentarar frå støtteapparatet (ved prosjektleiar)

*Det ser ut som at den enkelte arbeidsgruppe med sin rettleder blir den gruppen de føler tilhørighet til, og at de øvrige gruppene har mindre betydning når det gjelder tilbakemeldinger, erfaringsutveksling osv.*

*I 2002 prosjektet organiserte vi deltagerne anderledes på andre samling (i workshops med felles tema) og da på tvers av gruppene. Dette ble oppfattet negativt den gang det ble gjort, men kanskje fikk de en annen kontakt og relasjon til de øvrige deltagerne og rettlederne på den måten, som likevel var positiv?*

---

*I kva grad oppfatta du samarbeidet med rettleiarane som nyttig?*

---

<sup>9</sup> Rettleiarane vart særskilt spurde om å kommentere: 2001 og 2003 gruppa syner å ha hatt mindre nytte av dei andre deltarane. Var det forskjell i måten dei samarbeidde på, konfliktar eller liknande, eller er dette resultat av avstand i tid?

|                | Count | %   |
|----------------|-------|-----|
| Svært nyttig   | 9     | 75% |
| Middels nyttig | 2     | 17% |
| Ikkje nyttig   | 1     | 8%  |

## Kommentarar frå deltakarane

### **Svært nyttig**

*Hadde ein god rettleiar, kunne trengt noko meir tid. Skulle også vore nokre timer etter prosjektet var ferdig for å få siste drahjelpa til etableringa.*

*Følte at dette var ein erfaren person som kunne gje råd både under og også i ettertid av Alkymisten.*

*Kan gi deg gode tips, så du kanskje unngår ein del av dei vanlegaste feila som blir gjort.*

*Gode råd fra rettleiarane gjer ein meir sikker på korleis ein skal gå fram.*

*har nytta meg av rettleiars kompetanse seinare også.*

*Rett leieren min var rygg stolen min og var svært positiv til det jeg gjorde. Har fått mye hjelp som har gitt positive utfall.*

*Vi fikk gode innspel*

*men vi kunne hatt enno meir, og spesielt eit halvt år etter og eit år etter.*

### **Middels nyttig**

*Vi fekk bra oppfølging på visse områder, men i og med at rettleiaren ikkje hadde stor kunnskap om akkurat vår målgruppe og våre kundar, var det middels nyttig.*

---

## *I kva grad oppfatta du samarbeidet med næringslivet og det offentlige som nyttig?*

|                | Count | %   |
|----------------|-------|-----|
| Svært nyttig   | 3     | 25% |
| Middels nyttig | 6     | 50% |
| Ikkje nyttig   | 3     | 25% |

## Kommentarar frå deltakarane

### **Svært nyttig**

*Eit positivt inntrykk.*

*Dei fleste er avhengig av ekstern finansiering, får innblikk i korleis ting fungerar.*

*Vi fekk gjennom deltakinga betre truverdigheit og pr. Dette gjorde det enklare for oss å få lån og støtte.*

### **Middels nyttig**

*Godt samarbeid med SND, ellers lite kontakt med dei andre.*

*fordi dei forsvant etter at samlinga var slutt*

*Var desse tilknytta alkymisten? Har hatt god nytte av dei i etterkant.*

**Ikkje nyttig**

*Offentlige er meir opptatt av prat enn virkelighet*

---

*Tykkjer du oppfølgingsamlinga var nyttig*

|         | Count | %   |
|---------|-------|-----|
| Ja      | 6     | 55% |
| Middels | 3     | 27% |
| Nei     | 2     | 18% |

Kommentarar frå deltarane

**Ja**

*Hyggeleg å møte kvarandre igjen å høyre kor langt dei andre var komne, trur også slike samlingar kunne vore arrangert ein gong i året då det legg litt press på at ein bør ha kome seg vidare sidan sist.*

*Kjekt å behalde kontakten og sjå kor langt ein har kome i forhold til måla ein sette seg.*

*Veldig kjekt å sjå om alle har nådd måla sine. Har vore ei god oppfølging!*

*fordi ein møter dei andre deltarane, får inspirasjon, kan snakke med rettleiarane, an ta opp spørsmål*

*Det var morro å få vise at vi var kommt godt i gong! Det var også morro å få vite korleis det gjekk med dei andre deltarane. Dessuten var det bra å få ein sjanse til å stilje spørsmål.*

**Middels**

*Blei for kort, fekk for lite tid til å ta opp valgd problemstillingar. Og den kom kanskje litt kapt etter avslutta kurs, ein del hadde ikkje komme så mykje lenger sidan sist.*

---

*Tykkjer du arbeidsweben fungerte godt?*

|         | Count | %   |
|---------|-------|-----|
| Ja      | 4     | 33% |
| Middels | 5     | 42% |
| Nei     | 3     | 25% |

Kommentarar frå deltarane

**Ja**

*La inn oppgåvene våre der, kunne følgje med på andre deltararar, gi/få tips.*

*Ettersom eg hugsar så hadde vi ingen problemer med den.. Grei måte å gjere oppgavane på.*

*Den fungerte svaert greit!*

**Middels**

*Har ikkje brukt den.*

*I somme tilfell hadde vi litt problem med å komme inn, men først inne fungerte ting bra.*

*ingen brukte denne, derfor virka den ikkje*

*Mykje tull med teknikken*

**Nei**

*Veldig regid og lite fleksibel, mangla prosjektweb*

*det var få deltakarar som var innom verka det som*

---

*Kor nøgd var du med Innovasjon Norge (SND) i oppfølginga etter Alkymisten?*

|              | Count | %   |
|--------------|-------|-----|
| Svært nøgd   | 7     | 58% |
| Middels nøgd | 3     | 25% |
| Ikkje nøgd   | 2     | 17% |

Kommentrarar frå deltakarane

**Svært nøgd**

*Då eg endeleg fekk levert inn søknaden, fekk eg god tilbakemelding heile tida og sakhandsamingstida var kort og heilt etter kva som vart lova. Også bra at det vart laga ei samling i juni 2003.*

*Har hatt nytte av stipend og alltid følt at vi kan ringe SND angåande spørsmål.*

*Fekk eigen kontaktperson fort og god oppfølging.*

*Føler vi har hatt svært god kontakt med SND etter Alkymisten. Fått god informasjon om kva som skjer, og har det vore noko vi har lurt på så har det ikkje vore noko problem å ringt.*

*men kunne vore enno betre kundekontakt, men det er eit stort nettverk*

*Vi har fått svar på spørsmål vi har hatt, og føler vi fortsatt har ein bra kommunikasjon med SND*

**Middels nøgd**

*Er svert fornøgd med den økonomiske støtta, men kundekontakten har vore minimal.*

*Har ikke hørt noe fra snd etter siste samling. Men det kommer vel et brev i posten en dag....*

**Ikkje nøgd**

*Dei bryr seg lite om arbeidsplassa og nytenking i kommunane og meir om håpløse prosjekt som er lite sansynlig for at dei skal lukkast. Dei bør bruke meir tid på dei som ønsker å starte for seg sjøl, det er viktigare enn å dele ut penger.*

---

*Har du konkret nytta kunnskapen og/eller kontaktane du fekk gjennom Alkymisten til å hjelpe eller inspirere andre til å utvikle forretningsidear?*

|                   | Count | %   |
|-------------------|-------|-----|
| Ja, fleire gongar | 10    | 83% |
| Ja, éin gong      | 1     | 8%  |
| Nei, aldri        | 1     | 8%  |

### Kommentarar frå deltakarane'

#### **Ja, fleire gongar**

*Har anbefalt Alkymisten til alle har ein god ide. Og prøver ellers å koma med gode råd til dei er i same situasjon som har vore i.*

*Fleire har kontakta oss for råd om oppstart og permens frå SND har vore utlånt fleire gongar..*

*Prøver heile tida å seie til folk at det ikkje er så vanskeleg som dei trur å starte eiga verksemd. Har veldig ofte gitt ut adressa til SND si nettside.*

*Har poengtert at ungdom kan få hjelp frå SND, og at vegen frå ein ide til ei bedrift ikkje treng å være så lang. Dette håpar vi har inspirert andre.*

#### **Ja, éin gong**

*Vidareformidla kontaktar.*

---

*Trur du di deltaking i Alkymisten har fått positive følgjer for ditt lokalmiljø gjennom at du har inspirert andre, gjeve positive signal, eller liknande?*

|         | Count | %   |
|---------|-------|-----|
| Ja      | 8     | 67% |
| Kanskje | 2     | 17% |
| Nei     | 2     | 17% |

### Kommentarar frå deltakarane

#### **Ja**

*Gjev folk inspirasjon når dei ser at ein kan lukkast sjølv om ein startar på bar bakke.*

*Viser kanskje andre at det er lov å prøve, det dug ikkje uprøvd!*

*Ja absolutt, viser at det ikkje er så vanskeleg som folk trur.*

*Eg trur vi har vist at ein ide ikkje treng å være så avansert for å kunne starte ei bedrift. At vi er unge utan mykje investeringskapital, har kanskje fått fleire til å tenkje at dette kan vere mogleg for andre også.*

#### **Nei**

*Føle berre ikkje at det nytta*

### Kommentarar frå rettleiarane<sup>10</sup>

*Lokalmiljøet applauderer første gong når dei høyrer om idéen som skal realiserast. Neste gong dei applauderer er når eventuelt det går godt med verksemda. Utanom det er det stille. Nordmenn har ikkje kultur for å rose kvarandre. I tillegg kan det virke som det er "synd" å tene pengar.*

<sup>10</sup> Rettleiarane vart særskilt spurde om å kommentere: Denne er høg Er det slik at det er fyrst når verksemda er oppe å står at lokalmiljøet applauderer?

*Mange lokalmiljø har behov for "suksesshistoriar" og då vert det fokus på dei som er kome i gang med noko.*

**Kommentarar frå støtteapparatet (ved prosjektleiar)**

*Andre har sagt at det er mye støtte å få helt til du begynner å tjene penger, da våkner "bygdedyret".  
Tror dette varierer mye, både fra sted til sted og med person.*

---

*Har du blitt ein betre bedriftsetablerar etter deltakinga på Alkymisten?*

|         | Count | %   |
|---------|-------|-----|
| Ja      | 7     | 58% |
| Kanskje | 4     | 33% |
| Nei     | 1     | 8%  |

**Kommentarar frå deltakarane**

**Ja**

*Prosessen blei pga Alkymisten meir effektiv og eg blei klar over og fekk tenke gjennom ein del ting som vi kanskje elles ikkje hadde.*

*Har fått tilgang til masse kompetanse gjennom rettleiarar og det som før heitte SND.*

*Det trur eg nok, no har vi gjort ting i den riktige rekkefølga, og har fått med oss mange gode råd på vegen*

*Vi fekk mykje informasjon om etablering, og laerte oss aa utvikle planar. Dette er noko som har gjort oss til betre etablerarar*

**Kanskje**

*Ingen god forklaring.*

*Eg veit ikkje eg har jobba med et par prosjekt som ikkje har fått støtte verken faglig eller økonomisk sidane og dette er litt frustrerande.*

---

### *2.2.3. Deltakarar 2001 eller 2002 som framleis er i etablering eller vurderingsfasen*

*Er deltakinga i Alkymisten på nokon måte ein direkte årsak til at du framleis er i etablerings-/ vurderingsfasen?*

|                                                                                             | Count | %   |
|---------------------------------------------------------------------------------------------|-------|-----|
| Nei, eg hadde planar om å vente i alle høve                                                 | 2     | 25% |
| Nei, eg visste at etableringa ville ta lang tid                                             | 1     | 13% |
| Nei, andre ting har påverka dette                                                           | 4     | 50% |
| Ja, utan deltakinga hadde eg ikkje vore kome i ein etablerings-/ vurderingsfase i det heile | 1     | 13% |

Kommentrarar frå deltakarane

**Nei, andre ting har påverka dette**  
*Finansiering problem.*

**Nei, andre ting har påverka dette**

*All venting på svar frå dei me har kontakta. Vanskeleg å få tak i folk på telefon, bruker dagar og veker for å få snakke med rett person. Me er heilt sikre på at forretningsideen er kjempe god, så det er ikkje snakk om å gi opp, sjølv om me no har brukt mange år på dette.*

**Ja, utan deltakinga hadde eg ikkje vore kome i ein etablerings-/ vurderingsfase i det heile økonomisk stønad**

---

*Har du gjennom Alkymisten fått den faglege lerdomen du ynskte og forventa?*

|        | Count | %   |
|--------|-------|-----|
| Ja     | 3     | 38% |
| Delvis | 5     | 63% |

---

*Kva tema var det for mykje, passleg eller for lite av i Alkymisten?*

Count

|                            | For Mykje | Passelig | For lite |
|----------------------------|-----------|----------|----------|
| Produktutvikling           |           | 6        | 2        |
| Produksjon                 | 1         | 4        | 2        |
| Sal                        |           | 5        | 2        |
| Marknadsanalyse            | 1         | 5        | 2        |
| Marknadsføring             |           | 6        | 2        |
| Økonomi knytt til oppstart |           | 3        | 5        |
| Økonomi knytt til drift    |           | 2        | 6        |
| Konkurransevurdering       |           | 4        | 4        |
| Organisasjonsform          |           | 4        | 4        |
| Regelverk                  |           | 4        | 4        |
| Administrasjon             |           | 6        | 2        |

*Kva kunne vore gjort for at du tidlegare skulle oppdage at du kom til å lære for lite om dette/desse tema?*

#### Kommentarar frå deltakarane

*Rettleiarane burde kanskje vore klarare på kva som ville vere viktig for akkurat mi etablering.*

*Belyst dem som kritiske faktorer som må til for at bedriften skal klare seg i startfasen.*

*jeg var i en tidlig fase da jeg deltok på alkymisten. Det var mye jeg ikke hadde tenkt på, dukket opp mange spørsmål underveis.*

*Betre info om innhald før kurs start, men konkret beskrivelse av kurset. Mykje meir om Økonomi, tilskudd og støtte.*

*Sjekka ut meir om korleis Alkymisten var oppbygd, slik at eg var meir førebudd på at eg sjølv måtte innhente svar og ikkje vente at dei skulle ligge klare til meg. Førebu mine eigne problemstillingar og behov betre.*

*Det vart lagt for mykje opp til at ein skulle gjere innleveringsoppgåver. Nokon av desse var unødvendig for mange å gjere, då dei heller skulle bruke tid på andre områder. Eit "investor" panel heilt i byringa, med grillig i forretningsideen din, kunne funne fram til svake punkt i gjennomføringa, deretter kunne ein sette fokus på desse punkta.*

*Kva kunne vore gjort for at du også skulle bli meir motivert til å lære om dette?*

#### Kommentarar frå deltakarane

*Er ei stund sidan no, så detaljar er vanskeleg å hugse. Men eg meinat å hugse at eg tenkte at Alkymisten kunne informert tydelegare om at ein sjølv må førebu problemstillingar og konkrete spørsmål, sjølv på generelle område som økonomi, rekneskap og marknadsføring. At her er det ikkje snakk om å ause av andre si erfaring, men om å konkretisere sine eigne/personlege utfordringar og sjølv sørge for å finne ut korleis ein kan løyse dei.*

*Henvist eller sendt ut bra info materiale som forklarer det på en kortfattet og grei måte, med referanser til fordjupning om noen skulle ønske det.*

*Mer tid med mentor. Vært på gruppe med noen som skulle drive med det samme*

*Meir lokk med tilskudsordningar og finansierings hjelp.*

*Eg kunne nok fått endå meir oppfølging mellom dei ulike fasane. Ellers så lærer ein mest når ein får testa ut ideane på andre med alkymistar, og når ein får diskutere det med ressurspersonar.*

---

*Når du tenkjer attende på deltakinga, korleis meinar du at dette opplegget fungerte?*

|         | Count | %   |
|---------|-------|-----|
| Bra     | 5     | 63% |
| Middels | 3     | 38% |

#### Kommentarar frå deltakarane

##### **Bra**

*Lærerikt, og jeg kom i kontakt med mange interessante personer.*

*Lærte veldig mykje. Men ville nok ikkje lagt så stor vekt på innleveringsoppgåvene. Ein utvelgelse av dei som passa meg best ville vore mest effektivt.*

*Fekk ein til å sjå på små, men veldige viktige detaljar som skulle til for å starte opp ei bedrift. Fekk ein til å tenkje på ting ein kanskje ikkje hadde tenkt på før.*

##### **Middels**

*Siden min forretningside var "litt" uklar brukte jeg mye tid på den - skulle hatt lengere tid på meg for å få fullt utbytte av alle samlingene*

*Blei mykje papil møl i staden for konkrete produkt og bedrifts planar.*

*For min del middels grunna at eg ikkje var tilstrekkeleg klar over korleis tanken bak Alkymisten var, sjå forrige svar.*

*(Er ei stund sidan no, så detaljar er vanskeleg å hugse. Men eg meinar å hugse at eg tenkte at Alkymisten kunne informert tydelegare om at ein sjølv må førebu problemstillingar og konkrete spørsmål, sjølv på generelle område som økonomi, rekneskap og marknadsføring. At her er det ikkje snakk om å ause av andre si erfaring, men om å konkretisere sine eigne/personlege utfordringar og sjølv sørge for å finne ut korleis ein kan løyse dei.)*

---

*I kva grad oppfatta du samarbeidet med dei andre deltakarane som nyttig?*

|                | Count | %   |
|----------------|-------|-----|
| Svært nyttig   | 4     | 50% |
| Middels nyttig | 4     | 50% |

#### Kommentarar frå deltakarane

##### **Svært nyttig**

*Er nok noen der jeg vil ha videre kontakt med senere.*

*Henta mykje hjelp på dei andre sine erfaringar, samt og ein del om rettigheter og økonomisk hjep frå dei som hadde prøvd Inovasjon (snd) før dei vart med på Alkymisten.*

*Ein lærer mest av å jobbe med andre. Folk har ulik bakgrunn og mykje å bidra med! Dette er høgst verdifullt. Ein motiverer kvarandre. Ein er på ulike stadio og har ulik kompetanse. Det er gjennom tverrfageleg team og eit godt nettverk ein greier å realisere forretningsideear.*

*Klart eit større nettverk og folk som var i same situasjon å diskutere med. Og som ein seinare kan ta kontakt med for litt hjelp og yte same tilbake.*

#### **Middels nyttig**

*Ingen med lignende ide. Sosialt sett - kjekt!*

*Har ikkje halde kontakten med så mange i ettermiddag. Ikkje så mange innspel/bidrag på mitt felt frå dei andre underveis. Men interessante folk.*

---

*I kva grad oppfatta du samarbeidet med rettleiarane som nyttig?*

|                | Count | %   |
|----------------|-------|-----|
| Svært nyttig   | 4     | 50% |
| Middels nyttig | 3     | 38% |
| Ikkje nyttig   | 1     | 13% |

Kommentarar frå deltakarane

#### **Svært nyttig**

*Mye bra tilbakemeldinger*

*Eg hadde ein svært god rettleiar og har hatt stort utbytte av det.*

*Veldig bra å ha noen man kunne kontakte og spørre om alt mulig. Brukte kanskje mentor litt for lite.*

#### **Middels nyttig**

*Viktig med gode rettleiarar. Nokre fungerte bra, andre mindre bra. Viktig at desse har kompetanse som er tilpassa idéane til deltakarane. Fint å bruke lokale personar, men det viktigaste er at dei er kompetente. Difor bør ein etter mi mening ikkje legge for stor vekt på kvar dei kjem frå, men kva dei kan. Det viktigaste er at dei har kompetanse og har evna til å motivere. Hjå enkelte var begge desse kriteria fråverande når eg deltok.*

*Dei kunne det dei snakka om. Men ikkje alt passa inn i min ide.*

*Litt lite oppfølging mellom fasane av min veiledar, så det kunne være bedre. Ellers så var det bra med rulering av veiledarar under samlingane slik at vi kunne snakke med dei som kunne hjelpe oss mest.*

#### **Ikkje nyttig**

*Virka svært uintresert i konkrete planar, og i å hjelpe til utanom det som blei gjort på samlingane, men det var sikkert forskjell på dei ulike rettleiarane.*

---

*I kva grad oppfatta du samarbeidet med næringslivet og det offentlige som nyttig?*

|                | Count | %   |
|----------------|-------|-----|
| Middels nyttig | 3     | 43% |
| Ikkje nyttig   | 4     | 57% |

## Kommentarar frå deltakarane

### **Middels nyttig**

*mindre relevant for meg på dette tidspunkt*

*Dette er heilt avhengig av kvar ein er komt i fasen, men under Alkymisten syntest eg at ein kunne ha meir kontakt ut mot næringslivet. I ettertid har eg hatt god hjelp frå SVO og SND. Dei har også fungert som mellomledd, der dei har anbefalt kven ein skal oppsøke.*

### **Ikkje nyttig**

*kan ikke si jeg oppfatta noe samarbeid*

